
Fra: Bjørn Stave [bjorn.stave@moreforsk.no]
Sendt: 5. juli 2005 12:45
Til: Postmottak MOD
Emne: Fråsegn til forslag om endringar i regelverket for offentlege kjøp

Fråsegn frå FOKUS-institutta (dei regionale forskingsinstitutta)

Vi viser til høyringsbrev datert 6.4.2005 om forslaget til endringar i regelverket for offentlege kjøp.

FOKUS-institutta vil støtte forslaget om å heve terskelverdien for anbod ved statlege kjøp til kr 500 000. Etter vår vurdering kan grensa gjerne hevast ytterlegare.

Eksisterande terskelverdi på kr 200 000 inneber at det må brukast urimeleg store ressursar i konkurranse om mange små anbod. I og med at dei fleste av dei aktuelle anboda kjem frå statlege institusjonar i Oslo-området, blir problemet med låg terskelverdi forsterka for institusjonar som ligg ute i regionane.

Vi ser derfor fram til at den foreslåtte endringa blir gjennomført med verknad frå 1.1.2006 slik det er gjort framlegg om.

Vennleg helsing
FOKUS

Bjørn Stave
styreleiar